

Nordhordland Revisjon IKS

Oppsummerande notat til eigarane frå styret, status pr. 01.11.2018

Etter eit år med mange saker på agendaen og skifte av revisjonssjef, sender styret med dette eit notat for å orientera om status på bemanning og samarbeid med andre revisjonseiningar.

Kompetanse:

Revisjonssjef Reidar Bjørsvik har gått over til ny stilling i Bergen kommune. Det er no tilsett ny revisjonssjef som heiter Janne Eraker. Ho er statsautorisert revisor. Ho har tidlegare arbeid i Ernst & Young og i Bergen Engines (Rolls Royce). Ho tek til i stillinga 1. januar 2019.

Selskapet har tilsette med høg kompetanse, av formalkompetanse kan vi nemna Master i rekneskap og revisjon, Master i økonomisk styring, jurist og samfunnsvitar med master i sosialantropologi samt godkjend rekneskapsfører. Det blir også gjort eit godt utviklingsarbeid for å utvikla kvalitet og revisjonsmetodikk i selskapet.

Samarbeid og utviklingsarbeid :

Utviklinga i kommunal revisjon går mot etablering/samanslåing til større kommunale revisjonsselskap. Styret i Nordhordland Revisjon IKS arbeider for å gå inn i eit større kommunalt revisjonsselskap og vi har hatt god kontakt med selskapa i Rogaland og Sogn og Fjordane om desse spørsmåla.

I Sogn- og Fjordane, er det tre kommunale revisjonsselskap. Dei har laga ei utgreiing om samanslåing til eit selskap, men prosessen har ikkje hatt stor framdrift så langt. Det er førebels ikkje klart korleis revisjonsselskapa i Sogn- og Fjordane tenkjer å ta denne prosessen vidare, men dette er tema på ei samling for revisjonsselskapa i Vest-Noreg (Hordaland, Sogn- og Fjordane, Møre og Romsdal) i Ålesund no i slutten av november. Sidan vi no er på veg mot region Vestland er det naturleg at vi følgjer denne prosessen tett.

Vi har også god kontakt med Rogaland Revisjon IKS. Dette selskapet samlar kommunane i heile Rogaland. Selskapet vurderer å utvikla ei endå større revisjonseining, og har greidd ut mogleg overgang frå IKS-organisering til samvirkeselskap. Selskapet tar i desse dagar opp nye strategidrøftingar for å arbeida vidare med vegval for utvikling og vekst.

I Hordaland står vi midt i ein prosess med kommunereforma der fleire av kommunane er inne i samanslåingsprosessar. Det gjer også dei to fylkeskommunane som skal bli region Vestland. Dette gjer at politkarane våre må tenkja nytt på mange område. I Hordaland er det berre att to kommunale revisjonsselskap, Hardanger/Voss med Indre Hordaland Revisjon (IHR) og Nordhordland Revisjon IKS. IHR er vår næraste samarbeidspart. Vi har ei tid hatt ein gjensidig avtale om fagleg samarbeid. Dei to selskapa samarbeider alt i dag tett, og utnyttar den samla kompetansen for å levera tenester av høg kvalitet til alle våre eigarar og brukarar. Vi har også utarbeidd framlegg til ein intensjonsavtale om samanslåing, men denne er ikkje behandla enno. Prosessen vil gå vidare i 2019, og representantskapet for NHR-IKS har alt støtta opp om styret sin strategi om å søkja å gå inn i ei større revisjonseining.

Vår strategi og våre utfordringar:

NHR IKS vil søkja samarbeid og samanslåing med andre selskap for å bli del av eit større revisjonsselskap med kompetanse og kapasitet til å driva eit godt fagleg utviklingsarbeid og levera høg kvalitet i kommunale revisjonstenester. Dette vil vi arbeida vidare for. Samstundes har vi sikra den drifta vi har no gjennom gjensidige samarbeidsavtalar ved sjukdom og uføresette situasjonar i personalet.

Ta gjerne kontakt dersom det er spørsmål!

For styret i NHR-IKS
Lovisa Midtbø, styreleiar
Tlf 95082322